

Gulestøl, I. (2025). Mødrene til Hardanger. I Y. Frøjd & A. Norendal (Red.),
Noveller i undervisning (s. 189–205). Fagbokforlaget.
DOI: <https://doi.org/10.55669/oa650910>

10

Mødrene til Hardanger

Ingjerd Gulestøl

Samandrag: «Staden» er eit vidt omgrep: ei geografisk avgrensing (kart), stofflege føresetnader (natur) og folket og deira samhandlingar med kvarandre. Dei to novellene «Vent litt her» og «Ei sjel og ei skjorte» av Marit Eikemo representerer ei form for *heimstaddikting* der sterke kjensler for stad, eigarskap av staden og fornying gjennom generasjonane står sentralt. Analysen tek utgangspunkt i Edward S. Caseys forståing av omgrepet «stad» i ei fenomenologisk tradisjon. Kulturelle og sosiale faktorar er med på å konstruere staden og forståinga av han. Eit didaktisk grep er at begge novellene har eit mor/dotter-motiv, der mødrene har synsvinkelen. Mødrene har allereie ei individuell forståing av staden på grunnlag av eigne minne, som dei traderer til døtrene.

Nøkkelord: Hardanger, stad, litterær geografi, fenomenologi, trading

Abstract: “Place” is a broad concept: a geographical delimitation (map), material conditions (nature), and people and their interactions with each other. The two short stories “Vent litt her” (“Wait here a moment”) and “Ei sjel og ei skjorte” (“A soul and a shirt”) by Marit Eikemo represent a form of *regional literature* where strong emotions for place, ownership of the place, and renewal across generations are central. The analysis is based on Edward S. Casey’s understanding of the concept of “place” within a phenomenological tradition. Cultural and social factors contribute to the construction of the place and the understanding of it. A didactic approach is that both short stories feature a mother/daughter motif, where the mothers’ perspectives are central. The mothers already have an individual understanding of the place based on their own memories, which they pass on to their daughters.

Keywords: Hardanger, place, literary geography, phenomenology, transmission

Innleiing

I dette kapitlet utforskar eg relasjonar mellom menneske og stad i to noveller av Marit Eikemo (f. 1971), henta frå *Hardanger* (2019). Målet er å forstå korleis tradering over og gjennom generasjonar formar stadsidentitetar. I novellene møter vi dei fastbuande, dei som har flytta bort og vender heim, og turistar. Lokale tradisjonar vert løfta fram, og vi ser brytningar mellom det tradisjonelle og det moderne, sett frå svært ulike ståstader.

Likskapen mellom novellene «Vent litt her» og «Ei sjel og ei skjorte» ligg i mor/tenåringsdotter-motivet og at mødrene har synsvinkelen. Handlinga går føre seg i Hardanger. I «Vent litt her» møter vi mor og tenåringsdotter på vegen langs fjorden. Køyreturen vitnar om relasjonsutfordringar, men òg om ei mor som inderleg vil vise dottera kven ho er og kva regionen betyr for henne. I «Ei sjel og ei skjorte» set ei Moster (ei tante) i gang ei anna tenåringsmor med å gjere klar bunad til konfirmasjonen til dottera våren etter. Tenåringsmenning, mor og Moster bur alle i Hardanger, og kjenner seg sjølve som representantar for tradisjonar, samla i konfirmasjonen.

Kva er Hardanger? Kontekst

Tittelen på novellesamlinga, *Hardanger*, antydgar ein rik kulturkontekst. Regionen Hardanger ligg i Vestland fylke og knyter an til eit nasjonalromantisk syn på Noreg, som mellom anna biletet *Brudeferden i Hardanger* (1848) av Tidemand og Gude har bidratt til å skape og halde levande. Landskapet i biletet med fjord, fjell og fonn er lett å kjenne att i regionen. Hardanger er likevel ikkje berre natur. Ved sida av å vere naturskjønt, ligg det moderne livet med industrihistoria side om side, ei historie vi ikkje kan unngå å vere medviten om.

Gjennom 1900-talet forma tung industri ei ny verd. Industrierbeidaren avløyste vestlandsbonden som *hardingen*, og den kvardagslege bunadsbruken blei erstatta av amerikanske blue jeans. Biletet av Hardanger hos Eikemo kan lesast som litterære kommentarar om ein region i endring (Brumo, 2024, s. 237). *Hardanger* handlar om å utfordre tradisjonar og avsløre løyndommar.

Å sjå novelletittelen *Hardanger* som ein lesarkontrakt gjer at lesarane kan forvente at novellene inneheld ei form for heimstaddikting. Ei tidlegare forståing av heimstaddikting talar for å lese novellene som eit bidrag til «den

litterære kartlegginga av Noreg» (Fidjestøl mfl., 1996, s. 459; Andersen, 2012, s. 313). Heimstaddikting handlar om å bruke natur og folkeliv på ein konkret og symbolsk måte. Denne litteraturen har i litteraturhistoria vore kalla «regionalromantikk» (Fidjestøl mfl., 1996, s. 371). Regionale kartleggingar kan vise korleis språket bidrar til å skape identitet for regionen.

Marit Eikemo er frå Odda. Tilknyttinga til Hardanger og Odda er synleg i forfatterskapet hennar gjennom verk som *Samtidsruinar* (2008), *Hardanger* (2019) og *Vi er brødrene Eikemo* (2024). I samtale med Frode Grytten fortel Marit Eikemo at det litterære miljøet på heimstaden har bidratt til at ho vart skjønnlitterær forfattar (Amdam, 2018). Om *Hardanger* har Eikemo sjølv sagt at ho kjende seg nær prosjektet på grunn av geografien (Hauge & Legreid, 2022). Rekvisittar som står hennar eige liv nær, er med i novellene. Desse rekvisittane koplar ho vidare saman med posisjonar som ligg lenger frå seg sjølv (Berg, 2021).

Eikemo trekkjer inn lokale kjennskapar i språket sitt. Ho let karakterane i novellene bryne seg på problemstillingar som ikkje berre er knytte til dei lokale omgjevnadane, men òg til eksistensen vår. Slik skildrar ho verdiar som vi kjenner att i samtida. Samstundes let Eikemo den geografisk-kulturelle staden Hardanger vere omdreiingspunkt og ein sentral aktør i novellene.

Kva er stad? Teoretiske perspektiv

I overskrifta til dette kapitlet, «Mødrene til Hardanger», ligg det ei påvising av at generasjonar skaper identitet til ein stad, og at overføring av denne identiteten er ein del av oppsedinga. Som lesar kan vi difor gå inn i novellene og utforske kva mødrene opplever som Hardanger. Staden er fortid og notid som formar framtida.

Topografi handlar om korleis ein skildrar ein stad. I eit analytisk perspektiv er det tre faktorar som karakteriserer ein stad og gjev oss ulike forståingar av staden: den geografiske plasseringa, den fysiske forma (naturelement) og korleis ein kan føle eller forstå staden (Mai og Ringgaard, 2010, s. 8). I ei fenomenologisk tilnærming handlar det å føle eller forstå staden om å lese dei kulturelle og sosiale faktorane som individane i novellene ber med seg (jf. Casey, 2010, s. 96). Globaliseringa gjer at vi ser på dei lokale stadene på nytt: Er førestillinga om stadene idealisert, og er småsamfunna homogene eller utfordra av fragmentering og oppløysing? (Massey, 2015, s. 131). Hendingar,

skildringar og ordbruk inviterer oss lesarar inn i staden. Lesing av eller om ein stad gjer oss i stand til å sanse han – vi *persiperer*. Ved å reflektere over denne lesarerfaringa skaffar vi oss kunnskap om staden (Casey, 2010, s. 94).

Om vi tek med oss dette perspektivet gjennom lesinga av dei to novel- lene, vil staden fyllast med meining. Vi kan ikkje unnlate å sanse og kropps- leg oppleve at den litterære staden kjem fram som ei sanseleg oppleving av grunnleggjande betydning. Likevel treng ikkje lesaren bli styrt av den litterære staden. Vi kan oppleve dei blomstrande frukttræa i Hardanger, sjølv om vi i vårt daglege liv kan slite med allergiar.

Litteraturen er ei sanseleg verd vi som lesarar *kan* lukke ute, medan karak- terane vi møter i novellene *må* på ulike vis integrere seg i staden. Kroppsleg vil dei registrere, forstørre eller oversjå kva staden er (Casey, 2010, s. 103). Det som gjev innhald til staden for menneska, er ikkje ei internalisert historie, men heller ein konstruksjon og eit resultat av sosiale møter og konstallasjonar (Massey, 2015, s. 143). Dette kan gjerast synleg gjennom å lese kroppslege reaksjonar og handlingar, og gjennom innhaldet i det verbale.

Å høyre til ein stad handlar om å ha tilgang til dei sosiale og kulturelle faktorane som er knytte til staden. Staden har ein identitet i seg, og ein står såleis ikkje fritt til å vere den ein vil (jf. Eriksen og Selberg, 2006, s. 76). Eit omgrep som rommar denne identiteten, og at denne identiteten når kom- mande generasjonar, er *tradering*. Individua tek ansvar for å overføre tradisjonar (Eriksen og Selberg, 2006, s. 217). Foreldre og besteforeldregenerasjonen tek ansvaret for å gje ein identitet, knytt til verdiar kring stad og region, vidare til neste generasjon. Institusjonar og lag er kollektive einingar som skapar tradisjonar på staden.

I denne generasjonsaktiviteten ligg spenningar: Det som er det stabile mot det som forandrar seg, kollektivitet mot individualitet og fortida mot notida (Eriksen og Selberg, 2006, s. 217).

Spenninga mellom kva mønster som vert halde oppe og kva som vert fornya, er med på å forme handlinga i novellene. Kjenslene til staden knyter seg til karakterane sine minner om staden – minner som refererer til noko felles eller som byggjer på historiske erfaringar, og minner som høyrer til karakterane sine eigne opplevingar. Novellene skjer i si litterære notid, men er påverka av handlingar som har skjedd i ei fortid. Eikemo tek ei rolle som får «velje ut, fortregne og framheve» (Nordstoga, 2013, s. 171). Visse hendingar og situasjonar vert lyfta fram. Overføring av kulturelle artefaktar og individu-

elle minne om lokale identitetar vil i ulik grad påverke oss. Overføringa skjer uavlateleg. Ein kan reagere eller la det skje, ein kan byggje opp forventningar eller resignere for å få det overstått. Det skjer gjennom språket og handlingar i fellesskapet.

Å lese *Hardanger gjennom kart* – Didaktiske perspektiv

Litteraturgeografi er eit tverrfagleg forskingsfelt som plasserer seg mellom litteraturvitskap og humangeografi (Alexander, 2015, s. 3). Litteraturgeografien si oppgåve er å gjere forholdet mellom litteratur og geografi synleg. Ein litteraturgeograf visualiserer dette forholdet ved å teikne opp kart, som kan skape samband mellom litteraturen og geografien (Boasson og Johnson, 2020, s. 139).

Det ligg eit didaktisk potensial i litteraturgeografi. Visualisering bidrar til å synleggjere samanhengar og vise kva stader som er viktige for handlinga (Samoilow, 2022, s. 5). Omgrepet «ny-kartografering» (Andersen, 2012, s. 694) er brukt for å formidle litteratur som utforskar det spesielle i det lokale, slik Eikemo gjer i desse novellene. Kart skaper nye måtar å sjå regionen på. Kartteiknarar formidlar karta sine med eigne tolkingar fordi dei vel ut kva element som skal ha verdi (Goga, 2015, s. 11). I klasserommet kan elevar få roller som kartografar og utføre regionale kartleggingar. Slik kan ein realisere det kjerneelementet *Tekst i kontekst* peikar på: at elevane skal lese og «få innsikt i tankane og livsvilkåra til andre menneske» (Utdanningsdirektoratet, 2025). Ved å reflektere over kven og kva som vert representert i novellene (jmf. Samoilow, 2022, s. 3), og korleis dette vert visualisert i kartteikninga, oppstår spørsmål og undring – og dermed eit grunnlag for kritisk lesing av novellene.

Kartteikning i litteraturundervisninga treng ikkje avgrensast til topografiske kart, sjølv om det å få oversikt over terrenget gjev nyttig forståing av novellene. Tematiske kart kan bidra til å uttrykkje ei tolking av innhaldet. I tillegg kan det vere interessant å bruke diagram for å systematisere tilknytninga personane har til regionen og undersøkje lokal språkbruk. På slutten av kapittelet vert det gitt forslag til korleis ein kan utforske novellene ved å bruke kart eller diagram.

«Vent litt her»

In medias res-opninga til novella presenterer både karakterar, ytre handling og konflikt: mor og dotter i bilen på veg langs fjorden i Hardanger. Dei sit i kvar sitt forsete som kontrastar til kvarandre: mor mimrar om sykkelturar – dottera sit med øyretelefonar på. Handlinga vert driven framover gjennom indre monologar hos mor parallelt med køyringa.

Det er eit emosjonelt gap mellom mor og dotter. Intensjonen til mor med turen er å gje dottera eit møte med staden som betyr så mykje for henne: «Eg ville inn i den brusande, heftige kjensla som berre finst her. Eg ville vise Amalie at ingenting kan måle seg med Hardanger!» (Eikemo, 2019, s. 10¹). Mor ynskjer å løfte det indre i dottera, men har innsett at ho ikkje når inn til dottera på eiga hand. Reisemotivet – bilturen langs Hardanger – er hjelpemiddelet som skal skape kjensler hos dottera.

Indre monologar og fysiske handlingar gir eit innblikk i korleis minnene til mor påverkar køyringa; dei sit i kroppen: «No er vi snart i Fykkesund, og eg strammar grepet rundt rattet» (s. 9). «Eg gløymer ikkje ein sving eller ein utkørsel på denne vegen.» (s. 9). Årstida vert avslørt gjennom korleis mora skildrar naturen: «Det er framleis snø på fjelltoppane ...» (s. 10), og: «Det er midt i bløminga ...» (s. 10).

Tenårsdottera Amalie vert presentert gjennom monologane til mora. Mora sitt prosjekt – køyreturen – skaper motstand i henne: ho spør kva poenget er. Ho er sur fordi mora insisterte på turen, og øyreklukkene markerer distansen mellom dei.

Forteljinga i novella får ein annan retning idet bilen nærmar seg Fjorden Gjestehus, noko både vi lesarar og karakterane vert gjorde merksame på: «Det er noko som kjennest avgjerande akkurat her» (s. 11). Vi vert med forteljaren i utforskinga av staden, gjestehuset. At dette gjestehuset knapt er «synlig mellom alle dei forvaksne trea der framme» (s. 11) er motsetnaden til at det «kjennest avgjerande». Kjenslene til mor avslører ein kjensskap dottera i novella – og vi lesarar – ikkje har. Det er noko ho vil forstå. Gjestehuset representerer eit minne om kjærleik, og dette vil mor seie til dottera: at det er all slags kjærleik på desse vegane. I bilen utanfor gjestehuset kjenner mor på eit slags oppdrag: ho har noko ho vil fortelje, og ho vil fortelje uansett motstand

1 Vidare viser eg kun sidetal frå novellene til Eikemo.

ho får frå dottera. Men øyreklokkene er muren som distanserer. Dottera er motvillig til kommunikasjon med mor.

Minna til mor fortel om ei verksemd som gjekk føre seg i huset. Ho kjenner den spesielle lukta i resepsjonen, lukta av noko flyktig, folka som kom og gjekk. Verksemda i gjestehuset vart drive som ein kontrast til turistnæringa; det var inga marknadsføring av staden, ifølgje minna til mor (s. 13). Gjestehuset presenterte seg altså ikkje for det store fellesskapet. Staden var snarare for eit mindretal. Draginga mora som ung jente hadde til huset, førte til at ho ein dag banka på. Den forvirra dama som kom ut døra og spurde om ho hadde ein avtale, skaper eit bilete av at gjestehuset har vore noko lummert. Som lesarar får vi vite meir om møteplassen som var lagt midt i hardangeridyllen, og som gjorde erotiske møter mellom menneske mogleg – kan hende vart det òg brukt til prostitusjon.

I kommunikasjonen mellom mor og dotter ligg det eit noko: eit noko som tenåringsdøtre bør vite noko om – «kven dei er, kor dei kjem frå, og korleis ein skal ordne seg» (s. 14). Regionen har betydning for liva deira, og kjennskap til regionen gjer at ein kan forstå seg sjølv betre. Denne kjennskapen får ein gjennom å leve livet, ei forståing ein ikkje kan lese seg til.

Men tenåringsdottera vil ikkje opne seg. Difor vel mor å opne seg for minna gjestehuset representerer for henne. Huset vart ein tilflukt for henne, og ho fekk sommarjobb der. Gjestehuset lærte henne om livet, og om å halde det ut. Denne læringa er ei kulturell forståing av huset: huset romma livsforteljingar som ikkje var synlege i den romantiske oppfatninga av Hardanger. Det vart ein livspause, slik at hjartet kunne bruse for ei lita stund.

Tittelen på novella er ein replikk mora gjev Amalie: «Vent litt her» (s. 15). Mor har behov for å møte fleire minner, og i replikken skaper ho ein frivillig avstand til dottera. Ved å kikke inn glaset ser ho resepsjonen, som tek henne tjue år tilbake i tid. Ho ser nøkkelen til rom nummer 3 og minnest ein mann som venta på kvinna som ikkje kom. Ho vart spurd om ho ikkje kunne vise han rommet, for å halde minnet hans om dei to levande. Og det er her vi som lesarar kan undre oss: Kvifor oppsøker mora dette minnet? Vi veit at Amalie ikkje har hatt ein nærverande far. Avslører minnet kven som er far til dottera?

På vegen att søkjer mor ei felles oppleving med dottera og leitar fram musikk dei kan høyre på saman. Vegen og møtande trafikk skaper dramatisk, med ei bråstopping som fører dei begge ut av fatning. Frykta fører til handlingar: Mor går ut av bilen og ryddar vegen. Dottera set ord på kjenslene

sine: «-Faen, mamma dette er berre så sjukt livsfarleg. Eg vil heim.» Og endå sterkare uttrykt: «-Det går faen ikkje fint, mamma! Sjå på bilen vår, han står og vippar på kanten av stupet her!» (s. 18).

Dramatikken i vestlandstrafikken vert eit klassisk livssymbol: Livet er ein veg, med alle farar ein møter. Handlingane til mor og dotter viser kor viktig generasjonane er for kvarandre. Mor sine erfaringar set henne i stand til å løyse opp i situasjonen. Dottera har ikkje erfaringa og tilknytninga i livet: kjenslene låste henne, og strategien hennar var å kome seg vekk frå det heile. Øyreklokkene vert skjerminga hennar.

Småpratene i bilen som mor fører med dottera, har fokus på det dei kan sjå: «blomane på trea, den skarpe blå fjorden, dei kvite fjelltoppane mot knallblå himmel!». Eit tradisjonelt syn på Hardanger. For dottera gjev det inga meining, men ein einetale om kvaliteten på epletrea har noko å seie henne. At manipuleringa av dei nye trea skaper ei ny bløming, ved at dei veks på andre måtar. Trea er ein metafor på den nye generasjonen. Dei har ikkje same tilknytning til staden som dei eldre, dei vert samanlikna med noko så unorsk som vinranker, og dei har korte røter, slik også dottera avvisar ideen om Hardanger som noko grunnleggjande. Likevel er dei «fantastiske små fabrikkar» (s. 21). Når mor anerkjenner dei unge trea som gode erstattarar for den vaksne generasjonen, skjer det ei endring i kommunikasjonen mellom mor og dotter: Mor tek øyreklokkene, dottera avslører at ho ikkje høyrer på noko, og mor foreslår (igjen) å lytte til musikk saman.

Avslutninga viser ei endring hos dottera: Ho nærmar seg mor og relaterer seg til staden. Frå å verne seg med øyreklokke, avslører dottera no ei interesse for å vere saman. Ho har høyrte på mor og registrert det store mor vil vise: «Eg visste ikkje at du var så interessert i epletrea, seier ho» (s. 22).

Dottera set no i gong med å produsere bilete av sitt eige liv i Hardanger, delt på Instagram. Og interessa skaper ei open avslutning: Ho erkjenner fortida til mor og spør om ho møtte nokon på gjestehuset.

«*Ei sjel og ei skjorte*»

Tittelen er sett saman av det opphøgde og det kvardagslege. Skjorta er eit symbol på kor djupt eit menneske ønskjer å vere ein del av fellesskapen, trass alle sine manglar. Karakterane vi møter er tre kvinner: Mora (eg-personen), tenåringsdottera Sunniva og Moster (Kari, moras tante, Sunnivas grandtante).

Novella er komponert som ein pendel mellom dialogen mellom Moster og mora og den indre monologen til forteljaren, mora. Anslaget kjem idet Moster kjem heim til eg-personen og posisjonerer seg som den traderings-ansvarlege: Dotter Sunniva skal ha bunad til konfirmasjon:

«Eg kom til å tenke på at Sunniva står konfirmant til våren, og så ville eg høyre om du har alt klart, sa Kari» (s. 160). Moster viser inga forventing om at mora sjølv tek ansvaret for å gje dottera bunad til konfirmasjon. Intensjonen til Moster er å vere ansvarleg for bunaden til grandniesa:

«Sunniva skal vel ha den gamle konfirmasjonsbunaden din? Eg tenkte vi måtte prøve den på henne no, ho har jo ein litt annan fasong enn deg. Ho trekker mykje meir enn deg over brystet, sa Kari.» (s. 161)

Moster reknar ikkje med at mora har evne eller vilje til å få bunaden i stand, og vel å møte mora med direktiv. Ho har kontroll på forvaltninga av bunadene i slekta og forventar oppslutning om prosjektet. Dette kjem til syne i bekreftande utsegn, som til dømes: «Du har vel den gamle vinterbunaden til mor di?» (s. 161) og «Kor har du skjortene? Spurde ho» (s. 165), som om det ikkje kunne vere noko spørsmål om at skjortene fanst. Enda meir kommanderande framstår Moster òg: «Hent vinterbunaden og, sa Kari.» (s. 161) og «Men det er klart du skal ha bunad! Mor til konfirmanten!» (s. 162).

Ein fluktmekanisme startar i det mor skjønar at Moster er på veg, og ho søker etter ein veg ut. Likevel kjem ho Moster i møte. For mor vert dette ein situasjon der Moster leier til handlingar, og mor handlar lojalt etter Mosters føringar. Mors handlingar går både utover og innover i sjela, der vi som lesarar får møte hennar indre refleksjonar: «Eg gjorde ei resignert rørsle.» (s. 160), «Eg såg forvirra på henne.» (s. 161), «Eg kjente meg uvel. Dette orka eg ikkje tenke på no, og eg merka sinnet stige opp i meg.» (s. 161), og òg som eit tap-pert forsøk på å spele moster sitt spel godt: «Eg visste at denne kvalmen var ei gammal kjensle, det er ikkje farleg, tenkte eg, for det har eg øvd på å seie til meg sjølv.» (s. 161).

I tankane hjå mor ser vi at ho heile tida er i spenningar som knyter seg til kven ho er og kva ho har. Tidleg i novella vert det å ha ein heim skildra som ein sosial faktor: Huset mor og dotter bur i, er eit Block Watne-hus:

«... alle jentene som er oppvaksne på gard her inne, hadde den same draumen om å bu i eit Block Watne-hus.» (s. 160).

Denne draumen kan tolkast som lausriving frå tradisjonen – gardsliv – og at det moderne trumfar tradisjonen, medan realiteten vart å bu seg ned. Ein vert minna på denne skamma i møte med Moster: «Eg hadde alltid tenkt å måle denne gangen.», «... men det hadde aldri blitt noko av. Den var like mørk og dyster som då vi kjøpte huset.» (s. 159).

Spørsmåla om bunad og konfirmasjon vekker sterke kjensler som mor ikkje slepp ut framfor Moster. Mor veit at Moster vil henne vel, og ho vil gje dotter Sunniva bunad til konfirmasjonen. Ønsket om å delta i det kollektive står altså sterkare enn eigne individuelle ubehagelege kjensler.

At mor samarbeider med Moster tyder ikkje på resignasjon. Ho er medviten som deltakar i bunadstradisjonen, sjølv om ho ikkje er leiaren i å gje dottera bunad. Bunaden og bunadsskjorta virvlar opp kjensler og minner som mor slit med. Tradisjonen er òg ei tvangstrøye. Bunaden er for *trong*. Å sy han ut er det same som å seie at ein ikkje strekk til. Gjennom indre filmar ser mora seg sjølv som barn og hennar eiga mor i bunad. Det er no vi får ta del i historia: Mora sjølv hadde ei mor som sleit mentalt og blei sjuk ved konfirmasjonstida.

Bunaden er ein reiskap som forsterkar region og tradisjon. Bunaden gjev Moster kontroll på slektshistoria: «Denne tilhørde mi gamle moster, som sannsynlegvis har fått den av mor si igjen.» (s. 163). Slekta kjem frå ulike bygder langs Hardangerfjorden, og bunaden stadfestar dette: «Moster gifta seg med han frå Jondal, veit du.» (s. 167). Bunaden ber forventninga om den fruktbare kvinna: «Den har vore sydd inn og ut mange gonger etter barnefødsler og alder, sjå her, sa ho og viste til ei innfelling i stakken – her er det meir å gå på, sa ho oppmuntrande» (s. 167). Oppmuntringa kan ein tolke som vidareføring av slekt og tradisjon. Den «kroppen som ikkje lenger var min eigen» (s. 164) har blitt ein reiskap i produksjonen av nye eksponentar for tradisjonar i regionen.

For Moster kjem ei kollektiv lokalhistorie fram ved bunadsprøving, men ikkje hos mor. Bunaden målar ei slektshistorie der mora la seg inn på Valen, eit psykiatrisk sjukehus som ligg ytst i Hardangerfjorden. Bunaden på dottera Sunniva minner henne om alt ho ikkje fekk trygga ved å ha mor si heime: mødrene som ordna bunaden klar før dei store hendingane. Å ikkje ha mor si til stades framhevar det ho ikkje meistarar, symbolsk uttrykt i strykinga av eiga skjorte. I mora si sorg over å ikkje meistre, let Eikemo oss sjå det lunefulle og humoristiske i overdrivingar som: «Eg strauk og strauk, grein og strauk, men ingenting hjalp.» (s. 169).

Bunadsskjorta som ikkje let seg stryke, har ein individuell symbolikk for mora. Skjorta syner for omverda det ho ikkje får til. Ho drøymde om Block-Watne-huset, men fekk det ikkje til: «Det blei aldri varmt i romma. Eg fekk ikkje til å lage så god mat at folk blei sittande lenge ved bordet og berre skravle og kose seg» (s. 170).

I forventninga til alt Sunniva kan bli, vert det samstundes stadfesta kva mora ikkje blei. Dette veit både mora og Moster. Tradisjonane som ligg i bunaden og regionen, vert vidareførte i samtalen både under prøvinga og etterpå: Sunniva peikar på storleiken på brysta sine, noko som gjer at ho treng ny bunadsvest. Moster samanliknar kroppsforma til Sunniva med si eiga, og peikar på at mora skil seg ut. Moster fortel at mora kunne velje og vrake blant odelsgutar, men enda opp med ein odding. Odding, frå industristaden Odda. Moster romantiserer så framtida for Sunniva: Det finst gutar på gardane langs Sørfjorden – på Lutro, Ystanes og Lofthus. Og kan hende kan Sunniva få fleire born enn det mora hennar klarte.

I den ytre handlinga dirigerer Moster mor til å finne fram bunadsdelane, men samstundes let forteljaren si uro og sorg tre fram for lesaren som ei indre handling. Mor kunne fortalt at vonde minner vert trigga, og at ho ikkje maktar bunadsprosjektet, men ho held det i seg for å gje dottera plass i det kollektive bunadsfellesskapet.

Moster Kari kan karakteriserast som eindimensjonal og komisk på avstand. To dagar etter prøvinga av bunad ringjer ho mor, og teksten opnar eit nytt perspektiv: Moster har prøvd å stryke bunadsskjorta som mor strevde med, men ho fekk det ikkje til. Moster slår fast: «Skjorta er jo heilt umogleg» (s. 172). Bunaden kan kritiserast, sjølv hos ei Moster med høg kjærleik til tradisjonen. I kritikken av skjorta ynskjer Moster å lette børa til mor. Som lesar kan vi forstå at rolla til Moster ikkje berre handlar om den kollektive traderinga. Det ligg òg ei omsorg i handlingane: «-Du er ikkje åleine, sa ho med roleg stemme. Du veit det?» (s. 172).

Kva er stoda til døtrene?

Likskapen i novellene med mor/dotter-motivet, og at synsvinkelen ligg hos mødrene, styrer lesinga i retning av å forstå kva mødrene vil gje vidare til døtrene. Det er ei blanding av kollektive og individuelle minne, knytt til regionen og slekta. Døtrene spelar rolla som dei nye, fruktbare kvinnene med

traderingsansvar, og opptrer nærast som bipersonar for ønsket mødrene har om å gje kulturelle og sosiale verdiar kring staden sin vidare. Døtrene opptrer i liten grad som aktive aktørar i novellene. I ei samanlikning av dei vil det vere interessant å spørje: Kva stilling tek døtrene til tradinga?

For å forstå og ta del i korleis mødrene vil at døtrene skal kjenne regionen, må vi forstå betydninga dei sosiale overføringane og regionen spelar mellom generasjonane. Denne forståinga legg vi til grunn for å tolke stadsperspektiva hjå Eikemo.

Hensikta med å samanlikne døtrene kan overførast til arbeidet med å lese noveller i klasserommet, der lesarane sine ulike bakgrunnar vil kunne påverke forståinga både til det meir opne og det lukka. Ein må difor vere bevisst rolla som leselærer. Aamotsbakken og Knutsen (2011, s. 144) skisserer tre former for lesarposisjonar for kva interaksjon lesarar kan ha med teksten: *Den bekreftande lesaren* (som identifiserer seg med historia, korleis kulturarven er formidla), *den utforskande lesaren* (som sjølv må skape samanhengar til det som vert fortalt) og *den konfronterande lesaren* (som opplever innhaldet fragmentert).

Lesinga mi av teksten er prega av at eg kjem frå Hardanger og har opplevd korleis ulike slektsledd bidreg til å skape bunad. Eg er ein *bekreftande lesar*, men òg ein lesar som treng å utforske andre lesarhorisontar enn dei livserfaringane eg har med meg frå før. Klasserommet vil ikkje alltid innehalde bekreftande lesarar. Ved å samanlikne oss sjølve og utforske døtrene får vi eit innblikk i korleis menneske ser omverda frå ulike posisjonar.

Amalie kjem til Hardanger utan eigne erfaringar med staden, medan Sunniva bur der. Sunniva har difor ein annan tilgang til kulturen enn Amalie. Ho har fysisk kjennskap til regionen og har opparbeidd seg sosial kunnskap gjennom relasjonar, som familie og vener, og gjennom aktivitetar ho deltek i. Den kollektive minneoverføringa er noko ho forventar, slik det mellom anna kjem til syne i bunadstradisjonen, til dømes i si openheit for tradingprosjektet:

- Har eg bunad? (s. 167).
- Skal eg prøve den no? (s. 167)

Sunniva forstår plassen sin i det kollektive, og er ein bekreftande lesar nettopp som medlem av regionen.

For Amalie vert regionen synleg gjennom kjenslene og minna til mora, og er difor mindre tydeleg. Mor vil vise dottera kven ho sjølv er og kva staden betyr for henne, men dei kollektive minna har ikkje same verknad som dei personlege. Amalie er motvillig til turen mora har teke henne med på, og møter det heile med ei konfronterande haldning: «Kva er poenget?» (s. 9), noko som i mors forståing gjer henne til eit skuggemenneske: «Ho er heilt tom i blikket» (s. 10). Forteljaren skildrar ei ung jente som rett og slett føyer seg av motlausheit:

Amalie slår demonstrativt ut med armane over for denne for henne meiningslause staden å stoppe, men ho gidd ikkje spørje kva poenget er lenger. Ho berre baskar med armane. (s. 12)

Endringa på slutten kan tolkast som at Amalie har gått frå å vere motvillig og konfronterande til å utforske. Ho har møtt noko i mora og turen som skapar endring hos henne. Bileta ho tek, tyder på at ho sjølv ønskjer å skape meining rundt seg sjølv og staden ho besøker.

Novellene til klasserommet

Å skape opplevingar med novellene i klasserommet handlar om å leggje til rette for møtet mellom novellene og lesarane. Novellene «Vent litt her» og «Ei sjel og ei skjorte» er tekstlege univers som på ulike måtar inviterer til å utforske staden. Den litterære geografen er ute etter både geografisk definerte stader og dei meir konseptuelle (Samoilow, 2022, s. 2). Mødrene og Moster nemner fleire definerte stader i Hardanger – stader ein køyrer forbi, og stader der bunadsdelar kjem frå. I dette ligg det eit didaktisk oppdrag. Å plote inn stadnamna på eit kart vil bidra til å visualisere og skape oversikt over Hardanger. I «Vent litt her» vil kartet visualisere den ytre handlinga, sjølve køyreturen. I «Ei sjel og ei skjorte» visualiserer kartet forholdet mellom stad og tradisjon. Dermed opnar kartlegginga for ei forståing av den geografiske regionen som både ein skapar av samtida og som er historisk bunde saman.

Natur og konstruksjonar utvidar innhaldet frå det topografiske kartet. Kontrasten mellom garden og Block Watne-huset konseptualiserer sosiale skilnader. Skildringar av natur og region utvidar perspektivet på kva det inneber å bu på ein stad. Å skape tematiske kart som ein del av lesaropple-

vinga i klasserommet gjer elevane til aktive stadgranskarar – ein aktivitet som stimulerer mentalisering, der lesaren set seg inn i buformene til karakterane.

For å halde ein stad levande, trengst det kroppar som held liv i staden (Casey, 2010, s. 108). Og kroppar brukar mellom anna verbalspråk som interaksjon. Språk er forankra i ulike kontekstar, og språkleg samhandling avslører koplingar til regionen. Nærlesing av ord gjer at vi kan utforske og oppdage ord som kan knytast til regionen, men òg til sosiale konstruksjonar og buformar. Ord og frasar som beskriv geografien og lokal verksemd fungerer òg metaforisk, til dømes: vinterbunad, vest (s. 168), stakk, søljer og bringedukar (s. 170), og eit vove belte (s. 170), fjorden (s. 175), odel (s. 164) og moster, epletre (s. 14), bløminga (s. 14) og å bli ein vakker epleblom (s. 174), lenestol med utskjeringar (s. 19), «– og her er det altfor smalt til å kome forbi» (s. 16) eller i ei lengre utgreiing som til dømes denne: «Å vere på desse vegane handlar ikkje om at du kan møte kva for ein idiot rundt neste sving. Det kan når som helst rase frå fjellsidene også. Om berre folk hadde visst! Hadde folk visst kor mykje rote fjell og lause steinar som finst over oss, var det ingen som hadde tor å køyre her ...» (s. 19).

Å undersøkje ord og tekstutdrag handlar om å utvikle språkleg medvit, «korleis makt og ideologi ligg innebygd i tekstar og kva effekt tekstar kan ha på sosiale relasjonar og måten vi menneske oppfattar og forstår verda på» (Veum og Skovholt, 2020, s. 19). Ved å reflektere over kva ord du treng hjelp til å forstå, og kva for ord eller utdrag som gjev deg kjennskap til tradisjonar, blir den utforskande lesarposisjonen synleg. Slik oppnår ein større forståing av både skrivemåten til forfattaren og får nærare innsikt i korleis orda også er sentrale i tradisjonsoverføringa og nærleiken til staden.

Samanlikninga av døtrene og framstillinga av mødrene og moster viser at individa har svært ulike forståingar av ein region – frå å kome inn i ein region til å bu der, frå å ha djupe røter til ikkje å ha røter i det heile. Dette kan med fordel utnyttast som ei kroppsleg oppgåve i klasserommet. Lesinga er ein persepsjon av teksten og set ein sansande kropp i rørsle (Casey, 2010, s. 94). På golvet, men òg på papir, kan kjensler til regionen gjenskapast. Om ein set stadnamnet i midten og gjev elevar roller som litterære karakterar: Kor vil du som lesar plassere karakterane si eiga oppleving og identifikasjon med regionen i høve til sentrum? Kven vil stå nærast? Og kven står lengst unna? Kven identifiserer du deg med, og korleis eller kvifor? Ei slik litterær kartlegging vil ha overføringsverdi til å undersøkje andre regionar (heimstadar) og til å produsere eigne tekstar med motiv frå eigen region.

Novellene sine likskapar i komposisjon forsterkar forståinga av litterære verkemiddel. Eit kritisk blikk på traderinga kan òg granskast gjennom dei språklege trekka. Gjennom verkemiddel som kontrast og samanlikning skriv Eikemo fram at traderinga ikkje er eindimensjonal, og at det å leggje verdi i traderinga er å gje noko anna mindre verdi: Moster Kari i «Ei sjel og ei skjorte» er entusiastisk, medan mora har ei isande kjensle som hogg tak i henne (s. 163). Mora i «Vent litt her» forstørrar eigne perspektiv på Hardanger med «dette vil alltid vere vakkert og heftig» (s. 10), samstundes som ho trekkjer ned landskapet på Nordmøre som «skrint og keisamt, typisk kystlandskap» (s. 11). Tolkninga av språklege trekk bidrar til å diskutere verdiar som ligg i traderinga: kva makt som ligg i det kollektive, det å delta i fellesskapen, og kva det inneber å velje ein verdi – og kva som kan skje om ein vel vekk noko anna.

Avslutning

Karakteren av «staden» er summen av den geografiske avgrensinga, dei stofflege føresetnadene og folket og deira oppfatning og samhandling med kvarandre. Nærlesingar av dei to *Hardanger*-novellene til Marit Eikemo viser korleis kollektive minne lettare blir tradert til neste generasjon enn dei individuelle minna. Mor/tenåringsmotivet forstørrar traderinga som ei sosial forståing av regionen. Samanlikninga av novellene legg til rette for å diskutere korleis menneske skaper liv på ein stad, og mellom oss. Likskapen i motiv, synsvinkel, miljø og tematikk gjer at novellene òg eignar seg i klasserommet for å styrkje sjangerforståinga. Lest med eit individperspektiv ser vi at dei ulike karakterane har svært forskjellige forståingar av kva «staden» er. Slik vil dei to novellene av Marit Eikemo representere ei fornying av omgrepet *heimstaddiktning*, der individa sjølve vert medskaparar av staden.

Referansar

- Alexander, N. (2015). On Literary Geography. *OJS/PKP*, Vol. 1, No. 1, 3-6.
- Amdam, M. (2018). Litterære vennskap – Marit Eikemo og Frode Grytten [Audio-podcast-episode]. I BOB-podcast. #118: Litterære vennskap - Marit Eikemo og Frode Grytten – BOBcast Podcast on Spotify](<https://open.spotify.com/episode/4lvHJAcF6ciVq7MJqXHEJa>)
- Andersen, P. T. (2012). *Norsk litteraturhistorie* (2. utg.). Universitetsforlaget
- Berg, S. (2021). Marit Eikemo: Å skaffe seg rom gjennom skrivinga [Audio-podcast-episode]. I Skrivesnakk. 4. Marit Eikemo: Å skaffe seg rom gjennom skrivinga – Skrivesnakk [Podcast på Spotify] (<https://open.spotify.com/episode/35XvUQmIpFYtc2cJxskmt8>)
- Boasson, & Johnsen. (2020). *Hamsuns litterære geografi*. <https://doi.org/10.7557/13.5725>
- Brumo, John. (2024). Bygda som postruralt landskap i Marit Eikemos *Hardanger* (2019). *European Journal of Scandinavian Studies* <https://doi.org/10.1515/ejss-2024-2020>
- Casey, E. S. (2010). «Hvordan man kommer fra rommet til stedet på ganske kort tid.» I: A-M. Mai og D. Ringgard (red.). *Sted*. (s.83–128). Aarhus Universitetsforlag
- Eikemo, M. (2019). *Hardanger: noveller*. Samlaget.
- Eikemo, M. (2008). *Samtidsruinar*. Spartacus.
- Eikemo, M. (2024). *Vi er brødrene Eikemo: roman*. Samlaget.
- Eriksen, A., & Selberg, T. (2006). *Tradisjon og fortelling: en innføring i folkloristikk*. Pax.
- Fidjestøl, B. Aarnes, S. A., Longum, L., Stegane, I., Aarseth, A., Kirkegaard, P., (1996). *Norsk litteratur i tusen år: teksthistoriske linjer: Vol. nr 97* (2. utg.). Landslaget for norskundervisning Cappelen akademisk forlag
- Goga, N. (2015). *Kart i barnelitteraturen*. Portal.
- Hauge, E.R. og Legreid, H. (2022). Skapelsesberetninger [Audio-podcast-episode]. I BOB-podcast. Skapelsesberetninger – Marit Eikemo – BOBcast | Podcast på] (<https://open.spotify.com/episode/0JhwptAPbwZvIV2gVz5IfQ>) Spotify
- Massey, D. (2010). En global fornemmelse for sted. I A-M. Mai og D. Ringgard (red.). *Sted*. (s.129–148). Aarhus Universitetsforlag
- Mai, A-M. og Ringgard, D. (2010). Introduktion. I A-M Mai og D. Ringgard (red.). *Sted*. (s.7–34). Aarhus Universitetsforlag
- Nordstoga, S. (2013). *Livshistorier på landsmål : Andreas Austlids Lesebok for folkeskolen : eit lesebokprogram blir realisert*. Novus.
- Samoilow, T. K. (2022). Et sted å starte: Geografiske utforskninger av litteratur. *Nordlit*, 48, 1–13. <https://doi.org/10.7557/13.6375>
- Utdanningsdirektoratet. (2025). *Læreplan i norsk (NOR01-07). Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020*. <https://www.udir.no/lk20/nor01-07>
- Veum, A., & Skovholt, Karianne. (2020). *Kritisk literacy i klasserommet*. Universitetsforlaget.
- Aamotsbakken, B., & Knudsen, S. V. (2011). *Å tenke teori: om leseteori og lesing*. Gyldendal akademisk.

Del 3

Novellen i nye medier

